



Nhb Vest AS  
Hagellia 6  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/3132 - 18/35577

Saksbehandlar:  
Anngunn Marie Gullbrå  
Anngunn.Gullbra@meland.kommune.no

Dato:  
26.11.2018

## Godkjenning av seksjonering gbnr 24/155

**Administrativt vedtak. Saknr: 644/18**

### Vedtak

Lindås kommune godkjenner, i medhald av §13 i Lov om eigarseksjonar av 16.juni 2017 nr.65, søknad om oppdeling i 2 eigarseksjonar for sameiet Jydalen 478A og B, gbnr 24/155 på grunnlag av søknad med vedlegga situasjonskart, planteikningar og vedtekter.

Seksjonane 1-2 er bustadseksjonar med lik sameigebrøk- ½ kvar. Dei ulike seksjonane er klart avgrensa i høve til kvarandre.

Det er avsatt tilstrekkeleg areal til parkering på eigedommen.

Seksjoneringa av eigedommen gbnr 24/155 er godkjent og ført i matrikkelen. Seksjoneringa vert sendt til tinglysing når klagefristen på 3 veker er ute, jmf Eigarseksjonslova §§ 16 og 17.

\*\*\*\*\*

Klage:

Saka er behandla og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf Kommuneloven §23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Føreliggjande vedtak er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket og kva endringar ein ønskjer.



Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig, eller krav om erstatning, må høvet til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl, §27b.

Gebyr:

Det er fastsatt gebyr i medhald av § 15 i Lov om eigarseksjonar. Etter Lindås kommune sitt gebyrregulativ for handsaming etter Lov om eigarseksjonar pkt 14.1.1 er gebyret for 2 seksjonar kr 7000,- + tinglysingsgebyr kr 525,-

### **Saksutgreiing**

Kommunen har motteke søknad om seksjonering av eigedommen gbnr 24/155 i Lindås, med adressene Mykingvegen 478A og 478B.

På eigedommen er det gitt igangsetjingsløyve for oppføring av vertikaldelt 2- mannbustad der kvar bueining skal utgjera kvar sin bustadseksjon. Tomannsbustaden går over 1 plan og kvar bueining har eigen ytre inngang med tildelt offisiell adresse. Seksjonane er klart avgrensa mot kvarandre med delelinje midt i bygget.

Alt areal på eigedommen utanfor bygningskroppen er fellesareal for dei 2 seksjonane. Det er utarbeidd og lagt ved vedtekter for sameiet Jydalen 478A og B.

### **Vurdering:**

Søknad om seksjonering er innsendt i 3 eksemplar og har fylgjande vedlegg:

- Situasjonkart som tydeleg viser eigedomsgrensar, plassering av seksjonane og parkeringsplassar på framsida av bygget er innsendt i A3-format. Kommunen har utarbeidd nytt kart i A4 format for tinglysing.
- Planteikningar av tomannsbustaden- 1 plan, der seksjonsnummera og type rom er tydeleg påskrive. Planteikninga er delt på 2 vedlegg.
- Vedtekter for sameiet Jydalen 478A og B, som oppfyller minstekravet til slike vedtekter.
- Firmaattest for NHB VEST AS.
- Søknaden er signert og sendt inn av 2 styremedlemmar som saman har signaturrett.

Etter gjennomgang av søknad med vedlegg, finn ein at søknaden stettar vilkåra i Lov om eigarseksjonar §7.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anngunn Marie Gullbrå  
Avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Nhb Vest AS

Hagellia 6

5914

ISDALSTØ